

Podkast om synstolking

ARE KVISTAD (kommunikasjonsrådgjevar i Digdir): Hei! Du lyttar til ein podkast frå Uu-tilsynet, og i denne episoden skal du få høyre meir om synstolking. Kva er det og kvifor er dette viktig, og kan det vere at synstolking kan gjerast enklare enn du trur? Magnar Kvalvik jobbar som synstolk i MediaLT og han skal få leie deg gjennom denne episoden, så høyr på dette.

MAGNAR KVALVIK: Synstolking er eit hjelpemiddel for at folk med nedsett syn, eller folk som har vanskeleg for å tolka levande bilde, skal kunna sjå film. Og ja, dei fleste blinde eg kjenner seier at dei SER film, sjølv om dei i realiteten først og fremst høyrer han. Og skal dei henga med på handling eller forstå ein film sin bodskap, må det gjerne ei ekstra forteljarstemme til – og der kjem synstolken inn, som eit slags kommentarspor som set ord på det som skjer mellom replikkane i ein film.

Denne podkasten skal fortelja deg at synstolking er viktig, og samtidig at behovet for synstolking av ein video, kan vera minimalt – avhengig av korleis videoen er produsert i utgangspunktet. Mitt namn er Magnar Kvalvik. Eg jobbar som synstolk i MediaLT og har i samarbeid med Uu-tilsynet, laga denne podkasten. Eg skal altså prøva å fortelja deg korleis behovet for meg blir minst mogleg. Eg kjenner eg angrar litt allereie.

Intervju med Thea Løkebø som er symjar og går Toppidrett på Sandefjord vidaregåande skule. Ho fylte 18 i januar og har dermed stemmerett for første gong i år, til haustens kommuneval. Ho er sterkt svaksynt.

MAGNAR KVALVIK: Tilgangen på synstolking begynnar heldigvis å bli ganske bra i Norge, sjølv om me framleis har ein veg å gå. Alle norske kinofilmar som har fått offentleg støtte, kjem med synstolking via appen MovieReading. Netflix har synstolking på mange ulike språk, inkludert norsk på sine norske filmar og seriar, og NRK leverer synstolking på dramasatsingane sine.

Intervju med Sverre Fuglerud er seksjonsleiar for samfunnskontakt i Norges Blindforbund:

– Synstolking er heilt avgjerande for dei av oss som ser dårleg for å få eit fullstendig inntrykk av det som blir vist. Ein film er veldig visuell og kan ha ein viktig sluttplakat som ikkje har tale, så det er viktig å lage eit talespor som seier kva som blir vist og kva som står på sluttplakaten. Synstolking er etablert i film, der er det krav for dei som får offentleg støtte. Så der kan du berre laste ned appen når du går på kino.

MAGNAR KVALVIK: Og synstolking av TV-seriar og langfilm, det er ein kunst. Når vi synstolkar ein 90-minuttars kinofilm, går det gjerne med ei heil arbeidsveka til utarbeiding av konsise formuleringar, nitidig timing av desse formuleringane, innlesing og nøyte lydredigering og -miksing. Så mykje tid og omfattande arbeid ligg det ikkje nødvendigvis i synstolking av ein kort informasjonsfilm, ein kampanjefilm, ein foredragsvideo eller ei dekking av politiske diskusjonar, som det vil bli ein heil del av dette året.

Kor mykje du må synstolke, kjem av på mange ting. Har du video frå eit kommunestyremøte og det er ein ordførar som er flink til å introdusere neste talar med namn og parti, så treng du ikkje synstolking.

Så, her skal me gi både deg, som lyttar av denne podkasten, og Thea, ei utfordring med eit videoeksempel frå førre kommuneval, i 2019. Dette er utsnitt av ein video publisert av Ungdomsrådet Grorud for fire år sidan, der dei stiller eit spørsmål til ulike politikarar som gir sine svar i tur og orden.

(Intervju med politikarane, som berre snakkar om det som er viktige saker for dei, men dei introduserer seg ikkje med namn eller kva parti dei tilhøyrer).

MAGNAR KVALVIK: Når eg fortel folk at eg jobbar som synstolk, er ofte reaksjonen at min jobb må vera tilnærma umogleg – korleis i alle dagar skal ein sette ord på levande bilde, når eitt bilde seier meir enn tusen. Men når du høyrer eit klipp som dette, stiller du deg då tusen spørsmål, om hårfrisyrar, fargar på klede og omgjevnader, eller gjer du som Thea, som umiddelbart lurar på to ting:

-Eg reknar med det var ulike politikarar frå ulike parti, men vanskeleg å vite. Fine saker, då, seier Thea.

MAGNAR KVALVIK: Dette er ein type video me kan kalla moderne. Ungdomsrådet Grorud er på langt nær aleine om å produsera video der viktig innhald kjem til uttrykk i form av tekst og symbol, som ikkje blir understøtta av tale. Og som du kanskje skjønnte, blei spørsmålet stilt i form av tekst heilt i starten, og intervjuobjekta blei introdusert med tekst og partisymbol, samtidig som dei svara på spørsmålet. Dette er vanleg òg i store norske mediehus. Det er for eksempel mange reportasjar i Dagsrevyen der intervjuobjekt berre blir omtala som «han» eller «hun» verbalt, samtidig som namn og organisasjon, parti eller bedrift vedkommande representerer, kjem i form av tekst. Ser du ikkje dette, må du resonnera.

Thea seier: - Eg reknar med politikarane fekk spørsmål om kva ein kan gjere for barn og ungdom i Groruddalen, eller noko slikt. Vanskeleg å seie, for dei ga ulike svar. Kanskje dei fekk to ulike spørsmål? Vanskeleg å resonnera seg fram til.

MAGNAR KVALVIK: Så viss eg får ein film som dette i fanget, så er min første tanke at denne filmen treng ikkje mykje synstolking, men til gjengjeld er synstolkinga heilt nødvendig. Og her er det ikkje mykje plass til å smetta inn beskrivingar innimellom talen som allereie er i videoen, men det er nok til å svara på det viktigaste.

(Her kjem eit lydklipp der vi høyrer ei forteljarstemme som seier: «Tekst: Kva gjer de for å betre haldningane andre har for ungdom i Grorud? FRP» før FRP-politikaren si stemme blir klipt inn. Stemma seier «Arbeiderpartiet» før neste politikar begynnar å snakke.)

MAGNAR KVALVIK: Og her kjem den delen der eg fortel korleis eg ikkje trengs. Hadde denne videoen vore produsert med ei forteljarstemma som las opp spørsmålet, hadde mykje vore gjort. Hadde ein i tillegg bedd dei ulike politikarane om å smetta inn sitt eige partinamn i svaret, så hadde eg fort vore arbeidsledig.

Men før eg tek ein skremmande lang ferie no, er det verd å nemna at ein synstolk kan komma godt med som rådgjevar for dei som ønsker å produsera video utan behov for synstolking i etterarbeidet. Det kallar me gjerne for integrert synstolking, og er ein type arbeid som allereie er gjort for NRK. Barne TV-serien «Sol, snart seks», er laga med integrert synstolking.

Ingrid Hafstad er eksekutivprodusent i NRK. Ho var med på dette prosjektet med «Sol, snart seks», i samarbeid med MediaLT. Med integrert synstolking fekk hovudpersonen, Sol, anledning til å tenke høgt med ei forteljarstemma, og i tillegg fekk lydeffektar få tale sitt språk.

Med ei auka bevisstheit rundt integrert synstolking, meiner Ingrid at det å eksempelvis introdusere intervjuobjekt verbalt i ein nyheitsreportasje, og ikkje berre i form av tekst – eller supring som det heiter på fagspråket – det kan gagna alle, ikkje berre det som ikkje ser.

Synstolking har også etter kvart komme inn i skulesektoren. I år synstolkar MediaLT Gyldendal sine skulefilmar for 1.-10. trinn, og ved NTNU har bevisstheita rundt synstolking auka dei siste åra.

Andreas Schille er videoprodusent i seksjon for læringsstøtte ved NTNU. Nyleg lagde han ein kort dokumentar – Fortell meg hva jeg ser – om både dagleg- og studielivet til den blinde studenten Simen.

Og likheit med Ingrid i NRK, meiner òg Thea at synstolking av video, anten det er standard synstolking eller den meir integrerte varianten, kan komma andre enn ikkje-sjåande til gode, anten det er skule- eller populærkulturell film.

Så da, kanskje, blir eg sittande på mitt kontor ei stund til, og håpa at du ha både blitt litt klokare og funne litt synstolkings-inspirasjon av denne podkasten som er produsert av MediaLT ved Magne Lunde og Magnar Kvalvik, i samarbeid med Uu-tilsynet. Me takkar Thea Løkebø, Sverre Fuglerud, Ingrid Hafstad og Andreas Schille for sine bidrag. Synstolkingen av videoeksempela var lesen inn av kollega Sarina Nachtnebel. Me ønsker god film, god synstolking og godt valår.